



Budsjett 2020

Stabsområde
Helse Førde HF

Innholdsliste

| | | |
|----------|------------------------------------|-----------|
| 1 | Samandrag | 3 |
| 2 | Status omstilling | 3 |
| 3 | Budsjett per avdeling | 4 |
| 3.1 | Budsjetteknisk område..... | 4 |
| 3.2 | Stabsområde – samla | 5 |
| 3.3 | Støtte..... | 6 |
| 3.4 | Fag og utviklingsavdeling..... | 7 |
| 3.5 | HR-avdeling..... | 9 |
| 3.6 | Økonomiavdeling | 10 |
| 3.7 | Drift og eigedom..... | 12 |
| 4 | Bemanningsplan 2020 | 16 |
| 5 | Budsjettprosess | 17 |

1 Samandrag

Stabsområdet legg til grunn ei netto budsjetttramme på 445 021 000 i 2020. Sjølv om budsjettet er trongt, så er det prioritert midlar til forskning og til innføring av regionale IKT-prosjekt.

Budsjett tekniske føresetnader

Utarbeidd prognose for 2019 er utgangspunktet for budsjettarbeidet, endringar i drifta i 2019 er difor innarbeidd i budsjettokumentet. Vesentlege endringar planlagt i 2020, og fleire av driftsendringane frå budsjett 2019 til budsjett 2020, er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

I framlegg til budsjett er føresetnadene frå statsbudsjettet lagt til grunn ved prisjustering.

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, samt alle leiarane i stabsområde vore involvert. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet og samarbeidet har fungert godt. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har administrerande direktør kome fram til følgjande framlegg til budsjetttramme for 2020:

| Budsjetttramme 2020 (tal i 1000 kroner) | |
|--------------------------------------------------|----------------|
| Netto kostnader budsjett 2019 | 442 302 |
| Prisendringar | 10 654 |
| Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2019 | - 7 936 |
| Sum netto kostnader | 445 021 |

2 Status omstilling

Målet er å drive effektive støttetjenester for at mest mogeleg av tilgjengelege ressursar skal gå til kjerneverksemda i føretaket. Effektivitetsmål må balanserast opp mot tenestene som stabsområde skal levere, arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i stabsområdet gjennom lengre tid. Fråværet har tradisjonelt vore høgare enn i dei fleste kliniske avdelingane. Men dei siste åra er sjukefråværet redusert, og i 2019 har sjukefråværet så langt vore 6,1 prosent.

3 Budsjett per avdeling

3.1 Budsjetteknisk område

| Budsjett teknisk | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 | Endring i prosent |
|----------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|-----------------|-------------------|
| Basisramme | - 1 360 303 | - 1 431 079 | - 1 431 079 | - 1 450 998 | - 19 919 | 1 % |
| ISF egne pasienter | - 38 910 | - 40 055 | - 40 055 | - 41 088 | - 1 033 | 3 % |
| Polikliniske inntekter | - 644 | | | | | |
| Utskrivingsklare pasienter | | - 1 111 | - 1 111 | - 1 111 | | 0 % |
| Øyremerka tilskot | - 9 649 | - 1 800 | - 1 800 | - 1 800 | | 0 % |
| Andre øyremerka tilskot (ramme) | - 19 849 | - 20 361 | - 20 361 | - 20 992 | - 631 | 3 % |
| Andre driftsinntekter | - 23 | | | | | |
| Sum driftsinntekter | - 1 429 378 | - 1 494 405 | - 1 494 405 | - 1 515 989 | - 21 584 | 1 % |
| Kjøp av offentlege helsetenester | 96 987 | 118 177 | 108 585 | 121 517 | 3 339 | 3 % |
| Kjøp av private helsetenester | 652 | 1 000 | 1 000 | 2 000 | 1 000 | 100 % |
| Varekostnader | 1 | | | 6 000 | 6 000 | |
| Pensjonskostnad | - 27 371 | 14 200 | 14 200 | | - 14 200 | -100 % |
| Avskrivningar | 73 691 | 76 000 | 75 000 | 78 000 | 2 000 | 3 % |
| Andre driftskostnader | 112 | 793 | 793 | 4 800 | 4 007 | 505 % |
| Driftskostnader | 144 072 | 210 170 | 199 578 | 212 317 | 2 146 | 1 % |
| Finansinntekter | - 3 037 | - 1 400 | - 5 500 | - 2 400 | - 1 000 | 71 % |
| Finanskostnader | 1 659 | 3 000 | 3 500 | 4 000 | 1 000 | 33 % |
| Finansresultat | - 1 378 | 1 600 | - 2 000 | 1 600 | | 0 % |
| Sum netto kostnader | - 1 286 685 | - 1 282 635 | - 1 296 827 | - 1 302 073 | - 19 438 | 2 % |

| Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner) | |
|-------------------------------------------|--------------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | - 1 282 635 |
| Rammefinansiering, basisramme | - 20 550 |
| Justering pensjon (2019) | - 14 200 |
| Avskrivningar | 2 000 |
| Prisjusteringar | 1 923 |
| Endringar kostnader | 11 389 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | - 1 302 073 |

Budsjetteknisk område har i hovudsak bestått av tre typar kostnader – gjestepasientar, avskrivningar og finanskostnader. På inntektsida ligg basisinntekt. Endringane i inntekt skuldast endringar i tilskot og prisomrekning, samt at Hornindal kommune er overført til Helse Møre og Romsdal. Inntekter for utskrivingsklare pasientar hos psykisk helsevern er budsjettert innan budsjetteknisk område, fordi vi er usikre på kor høge inntektene vert.

På grunn av usikkerheit i varekost medikament er det budsjettert med 6 millionar på budsjetteknisk område. Også for posten andre driftskostnader er det uvisse i framtidige kostnader, på budsjetteknisk område er det derfor budsjettert med 4,8 millionar.

3.2 Stabsområde – samla

| Budsjetttramme 2020 (tal i 1000 kroner) | |
|-------------------------------------------------|----------------|
| Netto kostnader budsjett 2019 | 442 302 |
| Prisendringer | 10 654 |
| Endring som følge av vedtak og hendingar i 2019 | - 7 936 |
| Sum netto kostnader | 445 021 |

Tabell syner at netto kostnader aukar frå 442,3 millionar i budsjett for 2019 til 445,0 millionar i budsjett for 2020.

| Stabsområde | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 | Endring i prosent |
|----------------------------------|-----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|------------------------|--------------------------|
| Basisramme | - 124 063 | - 127 661 | - 127 661 | - 130 873 | - 3 212 | 3 % |
| Andre øyremerka tilskot | - 2 347 | - 6 151 | - 6 158 | - 6 056 | 95 | -2 % |
| Andre driftsinntekter | - 79 817 | - 80 291 | - 76 845 | - 77 494 | 2 797 | -3 % |
| Sum driftsinntekter | - 206 227 | - 214 103 | - 210 664 | - 214 422 | - 319 | 0 % |
| Kjøp av offentlege helsetenester | 557 | 1 333 | 1 155 | 1 047 | - 285 | -21 % |
| Kjøp av private helsetenester | 94 | 30 | 30 | 32 | 2 | 6 % |
| Varekostnader | 19 088 | 19 270 | 18 721 | 19 131 | - 139 | -1 % |
| Løn til fast tilsette | 181 072 | 188 367 | 185 625 | 194 396 | 6 028 | 3 % |
| Overtid og ekstrahjelp | 3 113 | 4 345 | 4 148 | 4 984 | 639 | 15 % |
| Pensjonskostnad | 42 421 | 39 240 | 39 240 | 39 210 | - 29 | 0 % |
| Offentlege tilskot og refusjonar | - 9 387 | - 5 522 | - 7 541 | - 6 862 | - 1 340 | 24 % |
| Anna løn | 28 144 | 30 201 | 29 280 | 30 767 | 566 | 2 % |
| Andre driftskostnader | 351 198 | 379 141 | 370 308 | 376 737 | - 2 404 | -1 % |
| Driftskostnader | 616 299 | 656 405 | 640 966 | 659 443 | 3 038 | 0,5 % |
| Sum netto kostnader | 410 072 | 442 302 | 430 302 | 445 021 | 2 718 | 1 % |

Budsjettframlegg for avdelingane i stabsområdet:

| Stabsområde per avdeling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|---------------------------------|-----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|------------------------|
| STØTTE | 141 978 | 153 464 | 151 169 | 163 483 | 10 020 |
| FAG OG UTVIKLINGSAVDELING | 40 830 | 45 602 | 45 181 | 46 941 | 1 339 |
| HR-AVDELING MED PASIENTREISER | 9 152 | 23 780 | 14 181 | 11 663 | - 12 117 |
| ØKONOMIAVDELING | 24 040 | 25 481 | 24 958 | 26 635 | 1 154 |
| DRIFT OG EIGEDOM | 193 745 | 193 976 | 194 814 | 196 299 | 2 323 |
| Sum netto kostnader | 409 744 | 442 302 | 430 302 | 445 021 | 2 718 |

Budsjettframlegget til stabsområdet syner netto auke på 2,7 millionar i høve budsjett for 2019, prisjusteringar utgjer 10,7 millionar som synt under:

| Prisendringer (tal i 1000 kroner) | |
|------------------------------------------|---------------|
| Løn | 7 759 |
| Driftskostnader | 8 174 |
| Andre inntekter | - 2 038 |
| Basisramme | - 3 212 |
| Korrigert pensjonskostnad | - 29 |
| Sum prisendringar | 10 654 |

3.3 Støtte

| Støtte | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|----------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|
| LN09 - Andre driftsinntekter | - 1 800 | - 274 | - 746 | - 355 | - 80 |
| Sum driftsinntekter | - 2 108 | - 274 | - 746 | - 355 | - 80 |
| LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester | 40 | | | | |
| LN13 - Varekost | 17 | 17 | 12 | 12 | - 5 |
| LN15 - Lønn til fast tilsette | 22 048 | 22 052 | 18 574 | 22 384 | 332 |
| LN16 - Overtid og ekstrahjelp | 136 | 59 | 84 | 87 | 28 |
| LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevara | 5 879 | 4 804 | 4 804 | 5 669 | 866 |
| LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeids | - 547 | - 126 | - 499 | - 607 | - 481 |
| LN19 - Annen lønn | 5 153 | 5 115 | 5 592 | 6 119 | 1 004 |
| LN22 - Andre driftskostnader | 111 694 | 121 817 | 123 348 | 130 174 | 8 356 |
| Driftskostnader | 144 421 | 153 738 | 151 915 | 163 838 | 10 100 |
| Sum netto kostnader | 142 313 | 153 464 | 151 169 | 163 483 | 10 020 |

| Støtte | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|
| STADLEG LEIAR NORDFJORD | 6 895 | 7 371 | 7 325 | 7 487 | 116 |
| STADLEG LEIAR LÆRDAL | 769 | 1 101 | 872 | 677 | - 424 |
| STØTTE FELLES | 11 752 | 8 419 | 5 741 | 10 669 | 2 250 |
| FØRETAKSSEKRETARIAT | 7 324 | 10 545 | 10 256 | 10 876 | 331 |
| IKT | 112 513 | 122 810 | 123 886 | 130 687 | 7 877 |
| NYE FØRDE SJUKEHUS | | | | - 3 | - 3 |
| KOMMUNIKASJONSAVDELING | 2 724 | 3 219 | 3 089 | 3 091 | - 128 |
| Sum nettokostnader | 141 978 | 153 464 | 151 169 | 163 483 | 10 020 |

Budsjett aukar med 10,0 millionar i høve budsjett for 2019. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner) | |
|--------------------------------------------------------|----------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | 153 464 |
| Lønnsjustering | 972 |
| Kostnader justering | 2 443 |
| Andre inntekter justering | - 9 |
| Korrigert pensjonskostnad | 866 |
| Sum justeringar | 4 272 |
| Ekstern juridisk bistand - personalsaker | 500 |
| Auka kostnader til Helse Vest IKT | 5 200 |
| Auka bruk av smarttelefonar i helsetenesta | 270 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 223 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | 163 483 |

IKT-avdeling

I budsjettet er det lagt inn ein auke i IKT-kostnadene i 2020 som samsvarer med budsjett til Helse Vest IKT. Langtidsbudsjettet til Helse Vest IKT syner aktivitetsauke innan IKT-området, og føretaket vil få ein fortsatt kostnadsvekst på området i åra framover. I 2020 er dei største endringane knytt til drift av nye løysingar, bemanningsauke og auke i avskrivningar. Investeringsramma for porteføljen er auka i forhold til 2019, noko som inneber eit fortsatt høgt aktivitetsnivå. Dei tre store programområda går vidare i 2020, og dei er LIBRA, HELIKS og Alle møter.

Føretakssekretariatet

Føretakssekretariatet er organisert under administrerende direktør og har 11,3 årsverk og tolv fast tilsette, inkludert leiar. I tillegg har vi ei midlertidig 20 prosent stilling fram til februar 2021. Frå Helse Vest har vi no fått krav om å inngå forpliktande avtale med Norsk helsearkiv om avlevering av fysisk pasientmateriale. Då det er strenge krav til kva som skal avleverast og korleis, vil det vere behov for auka ressursar til dette arbeidet. Norsk helsearkiv har berekna at det vil vere behov for omlag 6,5 årsverk for å få avlevert arkivmateriale. Arbeidet vil vere viktig for prosjekt Nye Førde sjukehus, fordi areala er disponert til nye føremål.

Kommunikasjonsavdeling

Kommunikasjonsavdelinga har tre faste stillingar; kommunikasjonssjef og to kommunikasjonsrådgjevarar. I tillegg er det tilsett ein kommunikasjonsrådgjevar som i all hovudsak arbeider med intern og ekstern kommunikasjon kring sjukehusutbygginga. Stillinga er organisatorisk lagt til Nye Førde sjukehus.

Arbeidsmengda er aukande. Neste år skal intranettet oppgraderast i alle føretaka i Helse Vest, og dette blir ei viktig oppgåve i 2020. Føretaket opplever ein annan type innsynskrav. Medan det for få år sidan i all hovudsak blei levert krav om innsyn i enkeltdokument og –saker, er det no meir spørsmål etter samanstilling av opplysningar. Slike innsyn er arbeidskrevjande å svare ut. Også arbeidet med internkommunikasjon er i endring. Sosiale kanalar påverkar måten vi arbeider på, vi må vere meir aktuelle i arbeidsmåten.

Stadleg leiar Nordfjord

Servicesenteret ved NSH er organisert under stadleg leiar i Nordfjord. Drifta i 2020 er ei rein framskriving av drifta i 2019. Det er vanskeleg å finne rom for innsparingar før det vert gjort ei samling av aktivitet på område telefoni og at det på område skrivning vert teke grep når det gjeld bruk av dikterte lydfile i Helse Førde.

Stadleg leiar Lærdal

Stadleg leiar i Lærdal er gjeve 50 prosent permisjon fram til 1. oktober 2020.

Styret og administrerende direktør

Som følgje av at det er planlagt færre styremøte i 2020, er reisebudsjettet til styret tilsvarande redusert. Det er lagt inn midlar på administrerende direktør sitt område til å dekke kjøp av juridisk bistand ved personalsaker. Beredskapssjef ligg direkte inn under administrerende direktør.

3.4 Fag og utviklingsavdeling

| Fag og utvikling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|----------------------------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| LN01 - Basisramme | - 3 246 | - 3 340 | - 3 340 | - 3 444 | - 104 |
| LN08 - Andre øyremarka tilskot | - 2 038 | - 6 151 | - 6 158 | - 6 056 | 95 |
| LN09 - Andre driftsinntekter | - 4 191 | - 4 556 | - 3 866 | - 2 845 | 1 711 |
| Sum driftsinntekter | - 9 476 | - 14 047 | - 13 364 | - 12 345 | 1 702 |
| LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester | 517 | 1 333 | 1 155 | 1 047 | - 285 |
| LN12 - Kjøp av private helsetenester | 94 | 30 | 30 | 32 | 2 |
| LN13 - Varekost | 18 | 90 | 23 | 24 | - 67 |
| LN15 - Lønn til fast tilsette | 31 539 | 34 514 | 34 379 | 34 697 | 183 |
| LN16 - Overtid og ekstrahjelp | 224 | 1 549 | 928 | 2 058 | 509 |
| LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevara | 6 879 | 7 519 | 7 519 | 6 881 | - 637 |
| LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeids | - 1 947 | - 777 | - 1 510 | - 850 | - 73 |
| LN19 - Annen lønn | 5 907 | 6 808 | 6 529 | 6 344 | - 464 |
| LN22 - Andre driftskostnader | 7 074 | 8 583 | 9 491 | 9 053 | 470 |
| Driftskostnader | 50 306 | 59 649 | 58 545 | 59 286 | - 363 |
| Sum netto kostnader | 40 830 | 45 602 | 45 181 | 46 941 | 1 339 |

| Fag og utvikling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|------------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| FAG OG UTV | 11 814 | 11 743 | 12 169 | 11 499 | - 243 |
| SENER FOR KLINISKE FAGSYSTEM | 11 677 | 14 666 | 13 538 | 14 764 | 98 |
| FORSKING OG INNOVASJON | 6 436 | 7 513 | 7 355 | 8 721 | 1 209 |
| KVALITET OG PASIENTTRYGGLIK | 8 298 | 8 679 | 8 629 | 8 678 | - 1 |
| KOMPETANSE OG UTDANNING | 2 604 | 3 001 | 3 489 | 3 278 | 277 |
| Sum nettokostnader | 40 830 | 45 602 | 45 181 | 46 941 | 1 339 |

Budsjettframlegget til fag og utvikling syner ein auke på 1,3 millionar i høve budsjett for 2019. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner) | |
|-------------------------------------------------------------------------|---------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | 45 602 |
| Lønnsjustering | 1 468 |
| Kostnader justering | 254 |
| Andre inntekter justering | - 217 |
| Basisinntekter justering | - 104 |
| Korrigert pensjonskostnad | - 637 |
| Sum justeringar | 764 |
| Koordinator for legemiddelstudiar 60 % stilling og midlar til forskning | 1 000 |
| Trainee framtidfylket 50 % stilling | 400 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 825 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | 46 941 |

Satsinga til forskning og innovasjon er auka med 1 million i 2020, men generelle innsparingar gjer dette til eit stramt prosjekt. Alle seksjonane har lagt inn tiltak for å effektivisere drifta. Det er høg merksemd på å redusere reiseaktivitet, mellom anna gjennom meir bruk av videomøte.

I 2020 er det planlagt traineestilling for å arbeide meir med innovasjon, og vi har fått signal om at Helse Vest vil finansiere samhandlingsbarometeret vidare. Utdanning er satsingsområde både regionalt og nasjonalt, og i 2020 vil Helse Førde mellom anna auke tal helsefaglærlingar.

Fag- og utviklingsavdelinga vil i 2020 ha fokus på endringsarbeid knytt til framtidig arbeidsmetodikk; digitalisering, nye arbeidsprosessar i nytt bygg, og nye signal frå nasjonale helse- og sjukehusplan 2020 om auka/endra samhandling. Avdelinga fekk tilført nye ressursar i 2019 for å styrke arbeidet med prosjekta; Alle møter, HELIKS, nye pakkeforløp, og anna digitalisering. Prosjekta er krevjande, og vil krevje minst like mykje ressursar i 2020.

3.5 HR-avdeling

| HR-avdeling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|----------------------------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| LN01 - Basisramme | - 120 817 | - 124 321 | - 124 321 | - 127 429 | - 3 108 |
| LN09 - Andre driftsinntekter | - 35 168 | - 36 592 | - 33 528 | - 34 571 | 2 021 |
| Sum driftsinntekter | - 155 984 | - 160 912 | - 157 848 | - 162 000 | - 1 087 |
| LN13 - Varekost | 65 | 74 | 142 | 156 | 83 |
| LN15 - Lønn til fast tilsette | 30 125 | 30 454 | 32 051 | 31 464 | 1 010 |
| LN16 - Overtid og ekstrahjelp | 304 | 88 | 169 | 122 | 34 |
| LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevara | 6 747 | 6 240 | 6 240 | 6 210 | - 30 |
| LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeids | - 3 201 | - 2 392 | - 2 497 | - 1 955 | 437 |
| LN19 - Annen lønn | 7 535 | 8 090 | 7 863 | 7 962 | - 128 |
| LN22 - Andre driftskostnader | 123 563 | 142 138 | 128 060 | 129 704 | - 12 434 |
| Driftskostnader | 165 136 | 184 692 | 172 029 | 173 662 | - 11 030 |
| Sum netto kostnader | 9 152 | 23 780 | 14 181 | 11 663 | - 12 117 |

| HR-avdeling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|---------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| HR STAB | 11 599 | 12 448 | 13 260 | 12 890 | 442 |
| BEDRIFTSELSETENESTE | 3 612 | 3 550 | 4 045 | 3 835 | 285 |
| HR RÅDGJEVING | 6 207 | 6 554 | 6 495 | 6 825 | 271 |
| LØNN OG PERSONAL | 7 893 | 7 809 | 7 764 | 7 939 | 131 |
| RESSURS OG BEMANNING | 5 931 | 5 395 | 5 879 | 5 556 | 161 |
| PASIENTREISER | - 26 090 | - 11 976 | - 23 261 | - 25 382 | - 13 406 |
| Sum nettokostnader | 9 152 | 23 780 | 14 181 | 11 663 | - 12 117 |

Netto syner budsjettframlegget for HR-avdelinga ein reduksjon på 12,1 millionar i høve budsjett for 2019. Endringar kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner) | |
|--------------------------------------------------------|---------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | 23 780 |
| Lønnsjustering | 1 306 |
| Kostnader justering | 2 687 |
| Andre inntekter justering | - 843 |
| Basisinntekter justering | - 3 108 |
| Korrigert pensjonskostnad | - 30 |
| Sum justeringar | 11 |
| Endring i kostnader til pasienttransport | - 12 000 |
| Auka kostnad til influensavaksine | 200 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 328 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | 11 663 |

HR sitt budsjett for 2020 syner nedgang i driftsramma som følgje av trend med lågare kostnad til pasienttransport dei siste åra. Aktivitetsnivået vil elles vere likt som i 2019. Det betyr at avdelinga skal

tilby same tenester og oppgåver som i 2019, men med ei lågare driftsramme. Dette gjev eit stadig press på dei tilsette. Samtidig har HR fått god utteljing for tiltak implementert i 2019 og har ein god styringsfart inn i 2020.

Utfordringsbilde knytt til 2020

I 2019 har HR brukt ekstra midlar til frikjøp av tillitsvalde opp mot prosjekta pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus. Dette vil vidareførast inn i 2020.

HR vil og i 2020 sjå på bruk av ressursar på tvers av seksjonar for å kunne vurdere eventuelle synergjar og gevinstrealisering. God styring av tilgjengelege ressursar samt effektive arbeidsprosessar vil vere avgjerande for å oppnå tilfredsstillande tenesteleveranse. Innsparingskrav gjer at driftskostnadene må reduserast, i hovudsak då knytt til lågare reiseaktivitet og meir bruk av videoutstyr.

HR arbeider for meir bruk av elektroniske løysingar knytt til driftsrelaterte oppgåver, inkludert bruk av robotiserte tenester. Dette gjeld til dømes innan kommunikasjon, innsending av dokumentasjon, søknader og krav mot NAV. Dette vil effektivisere drifta endå meir enn i dag.

Pasientreiser

Vi har opplevd ein trend med lågare kostnad til pasienttransport dei siste åra, budsjett er redusert i samsvar med dette. Framover ser vi føre oss reduserte kostnader som følgje av auka bruk av telemedisin, og andre aktivitetar i pasientreiser for å redusere kostnader vil verte vidareført i 2020.

Vi har opplevd nedgang i både kommunekryssande og kommuneinterne turar i 2019 samanlikna med same periode i fjor. Dette skjer sjølv om Pasientreiser HF sin rapport «Utredning av effektivitets- og kvalitetsfremmende tiltak for pasientreiser med rekvisisjon» seier at vi skal oppleve ein auke i turar av demografiske årsaker.

Det er knytt uvisse til kostnadsnivået i dei nye kontraktane med transportørane som følgje av nye kommunar og nye kommunegrenser frå nyttår. I 2020 skal vi ta i bruk det nye nasjonale planlegging og samkøyringsverktøyet trapeze, som Helse Midt no er pilot for. For å få ei god innføring vil vi bruke nokre ekstra ressursar til å legg inn kontraktar i trapeze, lære opp ny superbrukar og gjennomføre opplæring av alle planleggarane i forkant av innføringa. Vi er usikre på kva økonomiske effektar vi får av systemet, med den geografien som vi har i Sogn og Fjordane.

3.6 Økonomiavdeling

| Økonomiavdeling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|----------------------------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| LN09 - Andre driftsinntekter | - 951 | - 428 | - 217 | - 300 | 128 |
| Sum driftsinntekter | - 951 | - 428 | - 217 | - 300 | 128 |
| LN13 - Varekost | 401 | 189 | 206 | 213 | 24 |
| LN15 - Lønn til fast tilsette | 11 687 | 12 470 | 12 370 | 13 240 | 770 |
| LN16 - Overtid og ekstrahjelp | 317 | 192 | 494 | 319 | 127 |
| LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevara | 2 770 | 2 622 | 2 622 | 2 693 | 71 |
| LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeids | - 644 | - 75 | - 431 | - 312 | - 237 |
| LN19 - Annen lønn | 2 225 | 1 939 | 1 305 | 1 997 | 57 |
| LN22 - Andre driftskostnader | 8 237 | 8 572 | 8 611 | 8 786 | 214 |
| Driftskostnader | 24 991 | 25 909 | 25 176 | 26 934 | 1 026 |
| Sum netto kostnader | 24 040 | 25 481 | 24 958 | 26 635 | 1 154 |

| Økonomiavdeling | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|---------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|-----------------|
| FORSYNING HF | 5 971 | 7 045 | 7 208 | 7 451 | 407 |
| ØKONOMI | 12 638 | 13 100 | 12 183 | 13 459 | 359 |
| REKNESKAP | 5 431 | 5 337 | 5 568 | 5 725 | 388 |
| Sum nettokostnader | 24 040 | 25 481 | 24 958 | 26 635 | 1 154 |

Budsjettframlegget til økonomiavdelinga syner ein auke på 1,2 millionar i høve budsjett for 2019. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner) | |
|--------------------------------------------------------|---------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | 25 481 |
| Lønnsjustering | 530 |
| Kostnader justering | 242 |
| Andre inntekter justering | - 7 |
| Korrigert pensjonskostnad | 71 |
| Sum justeringar | 835 |
| Innføring av Libra | 450 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 132 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | 26 635 |

Økonomiavdelinga har ansvar for rekneskap, budsjett, innkjøp og lager forsyning, samt inntektssikring ved riktig medisinsk koding. Avdelinga skal syte for at leiinga får god styringsinformasjon på økonomiområdet. Vidare er avdelinga ei serviceavdeling som skal hjelpe resten av organisasjonen til å få dei varene dei treng til drifta, og betre forståinga av økonomiske samanhengar i drifta.

I 2015 byrja det regionale prosjektet LIBRA som er Helse Vest sitt program for å optimalisere støttetjenestene innanfor fagområda budsjett, innkjøp og logistikk (lagerstyring av varer), rekneskap og styringsinformasjon/felles register. Mellom anna skal prosjektet syte for ny systemstøtte på områda. Dette prosjektet er ressurskrevjande for avdelinga. Helse Førde innførte i 2019 første fase som er rekneskap. I 2020 skal HFD innføre «behov til leveranse», som er innkjøp og logistikk. Det vert no arbeid intensivt med å få klart systemet til neste fase i 2020. Økonomiavdelinga vil også i 2020 prioritere arbeidet med LIBRA svært høgt. Dette vil vere ressurskrevjande både for rekneskapsavdelinga og forsyning, og det er derfor tilført noko meir midlar også i 2020.

Helse Førde er pålagt å arbeide med systemet kostnad og aktivitet per pasient (KAP). Systemet skaffar kostnads- og aktivitetsstatistikk til nasjonale føremål, men kan og brukast til interne analysar. Arbeidet vil bli vidareført i 2020 og med fokus på å bruke informasjonen frå KAP meir aktivt i føretaket.

Forsyning

Ansvar til avdelinga er å ivareta og forbetre innkjøps- og forsyningstenesta i helseføretaket. Forsyningsavdelinga vart flytta til økonomiavdelinga i 2016. Avdelinga følgjer opp regionale tilsyn, avtaledekking og styring av området innkjøp. Det vert lagt vekt på avtalelojalitet, både for kjøp til lager og for kjøp direkte til avdelingane. Ved å auke kompetansen til dei som bestiller varer i innkjøps- og avtaleforvaltningssystemet, vil ein større del av varekjøpa verte handla der vi har avtalar. Vi ser ein stor auke i etterspørsel etter behandlingshjelpemiddel, oppfølginga skjer som ein del av Libra-prosjektet.

3.7 Drift og eigedom

| Drift og eigedom | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|-----------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|
| LN09 - Andre driftsinntekter | - 37 707 | - 38 441 | - 38 488 | - 39 423 | - 982 |
| Sal og driftsinntekter | - 37 707 | - 38 441 | - 38 488 | - 39 423 | - 982 |
| LN13 - Varekost | 18 587 | 18 900 | 18 338 | 18 726 | - 174 |
| LN15 - Lønn til fast tilsette | 85 673 | 88 878 | 88 252 | 92 612 | 3 734 |
| LN16 - Overtid og ekstrahjelp | 2 132 | 2 456 | 2 472 | 2 398 | - 58 |
| LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevara | 20 146 | 18 055 | 18 055 | 17 757 | - 298 |
| LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeid | - 3 048 | - 2 151 | - 2 604 | - 3 137 | - 987 |
| LN19 - Annen lønn | 7 324 | 8 248 | 7 991 | 8 346 | 98 |
| LN22 - Andre driftskostnader | 100 630 | 98 031 | 100 798 | 99 022 | 990 |
| Driftskostnader | 231 445 | 232 417 | 233 302 | 235 722 | 3 305 |
| Sum netto kostnader | 193 738 | 193 976 | 194 814 | 196 299 | 2 323 |

| Drift og eigedom | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Prognose 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-B19 |
|----------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|
| HUSØKONOMI | 39 031 | 39 725 | 39 469 | 40 377 | 652 |
| TEKNISK DRIFTSAVDELING | 96 677 | 95 434 | 96 345 | 96 189 | 755 |
| MATFORSYNING | 35 175 | 35 278 | 35 173 | 35 856 | 579 |
| DRIFT OG EIGEDOM | 989 | 1 142 | 1 031 | 1 050 | - 92 |
| MEDISINSK TEKNISK AVDELING | 21 872 | 22 397 | 22 797 | 22 826 | 429 |
| Sum nettokostnader | 193 745 | 193 976 | 194 814 | 196 299 | 2 323 |

Budsjettframlegget til drift og eigedom syner ein auke på 2,3 millionar i høve budsjett for 2019. Endringar og tiltak for å redusere kostnader og auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner) | |
|--------------------------------------------------------------|----------------|
| Nettokostnader budsjett 2019 | 193 976 |
| Lønnsjustering | 3 482 |
| Kostnader justering | 2 548 |
| Andre inntekter justering | - 962 |
| Korrigert pensjonskostnad | - 298 |
| Sum justeringar | 4 771 |
| Reduksjon i reinhaldsstilling ved Indre Sogn psykiatrisenter | - 215 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 43 |
| Endring husøkonom | - 258 |
| Redusert nettleige Sunnfjord Energi/BKK | - 1 500 |
| Redusert energikostnad og konsulentbruk | - 543 |
| Reduserte leigeinntekter frå stifelsen Norsk luftambulans | - 250 |
| Securitas ved FSS | 200 |
| Validering vaskemaskiner | 500 |
| Kjøling fjordvarme | 300 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2019 | - 936 |
| Endring teknisk driftsavdeling | - 2 229 |
| Reduksjon i lønskostnader og råvarekostnad matforsyning | - 238 |
| Endring matforsyning | - 238 |
| Endring medisinteknisk avdeling | - 561 |
| Sum netto kostnader - ramme 2020 | 196 299 |

I budsjett for 2020 er nettleigekostnad ved FSS teke ned med 1,5 millionar, elles er innsparinga jamt fordelt. Avdelinga har i 2019 hatt eit lågt sjukefråvær, det er gledelig og syner at systematisk arbeid gjev resultat. Vi vil nemne at sjukefråvær innan reinhald og portør stabiliserte seg på seks prosent i 2018, og dette har vi klart å vidareføre i 2019. Dette er svært lågt til å vere innan desse yrkesgruppene.

Teknisk drift

Ekspedisjon og pasienthotell vart i 2019 organisatorisk lagt inn i avdelinga. Vedlikehaldsarbeid vert utført etter systematisk kartlegging av tilstandsgrad, og i 2020 skal bygningsmassen sin tilstandsgrad kartleggast på nytt. Vi vil då få oversikt over korleis vedlikehaldsetterslepet har utvikla seg frå 2015.

I 2019 har teknisk drift arbeidd vidare med å implementere nytt FDV-system, dette er eit arbeid som vil halde fram i åra framover. Det vert jobba godt med energileiing, der vi fokuserer på driftstiltak som reduserer forbruk av elektrisk energi. Vi har arbeidd med oppgradering av SD-anlegga og innregulering/ombygging av varmeanlegga. I 2020 vil vi halde fram satsinga.

Ved tilsetjing av eigen ressurs på dokumentasjonssida, styrker vi arbeidet med å oppdatere digitalisert teknisk dokumentasjon (tekniske teikningar). Å ha oppdaterte teikningar er avgjerande for å effektivt kunne utføre feilrettingar, ombyggingar og bygging av nye installasjonar. Den nytilsette får og ansvar for systema Xpan, Finn Fram og innføring av Imatis. Samla får vi redusert behov å leige inn konsulentar.

Bustadformidling

Heile bustadmassen som Helse Førde leiger av Bustadstiftinga i Førde rehabilitert. Dette medfører at leigetakarane er meir tilfreds, og vi har jamt høgt belegg. Samarbeidet med bustadstiftingane med å

rehabiliterer og betre tenestene vil halde fram i 2020, der spesielt Lærdal vil ha fokus. I Førde er det planer om endringar i bustadmassen på sikt, slik at denne vert meir tilpassa Helse Førde sitt behov. Vi vil i 2020 sjå nærare på intern organisering av økonomi, forvaltning, drift og vedlikehaldsteneste som bustadformidlingane utøver, samt rolle- og kostnadsfordeling mellom Helse Førde HF og bustadstiftingane. Reservasjonar og kontraktforvaltning skal i 2020 handterast igjennom systemet Xpand, og det er planar om innføring av elektronisk signatur for kontraktar.

Portør

Fleire av portørane har dei siste åra gjennomført teoretisk og praktisk opplæring som har ført fram til fagbrev i portørfaget. Vi er stolte av at vi har fått gjennomført dette og at vi no har seks portørar med fagbrev. Hausten 2019 vart det inngått ein ny toårig lærlingkontrakt og seksjonen har no to lærlingar i portørfaget.

Ekspedisjon og Pasienthotell

Ekspedisjonen (sentralbord, resepsjon, innskrivingsentral, ID-kontor, bodkontor og arkiv) vil ha fokus på god service til pasientar, pårørande, tilsette og andre som tek kontakt. Vi vil òg i 2020 delta i prosjekt «Open linje» og prosjekt «Vel møtt». Gjennom prosjekt «Vel møtt» vil vi i 2020 ta i bruk betalingsautomatar som vil påverke arbeidsdagen i resepsjonen.

Pasienthotellet vil sikre at pasientar og gjestar kjenner seg trygge og ivaretekne under opphaldet. Vi har fokus på knutepunktfunksjonen, for å halde nede tal korridorpasientar og avlaste sengepostane, samt ivareta den pasientopplevde kvaliteten ved å ha pasientane på rett omsorgsnivå.

Begge seksjonane vil ha fokus på å tilpasse drift og ressursbruk mest mogleg opp mot klinikkane / brukarane sin aktivitet, særleg i feriar.

Matforsyning

Matforsyning legg opp til å vidareføre dagens mattilbod til pasientane i 2020, med noko lokal tilpassing. Budsjettet gjev utfordringar knytt til bruk av personalressursar og å nå inntektsmålet frå våre kantiner. Tiltaka frå 2018 og 2019 om redusert opningstid i kantine, vil framleis kunne verte aktuell å gjennomføre i 2020. Det vert med andre ord ei krevjande drift i 2020, med auka risiko ved låg bemanning einskilde dagar (frå 2 til 1 personalressurs) på enkelte kjøkken.

Fokusområde i 2020 vil vere å drive forbetningsarbeid knytt til sjukefråvær, fag og innan drift. Matforsyning gjennomfører i november 2019 ei brukarundersøking av mattilbodet i Helse Førde blant inneliggande pasientar. På bakgrunn av resultatet frå denne brukarundersøkinga ønskjer matforsyning å starte eit oppfølgingsprosjekt i 2020. Matforsyning deltek i regionalt prosjekt i Helse Vest om dataplanleggingsprogrammet Aivo. Dette er eit felles dataprogram der ein planlegg menyar og matproduksjon og dokumenterer den ernæringsmessige kvaliteten for kvart kjøkken. Matforsyning HFD er medlem i Oikos Norge, og deltek i nasjonale fagfora knytt til økologiske matvarer.

Medisinteknisk avdeling (MTA)

MTA har i 2019 hatt stort fokus på å utarbeide og revidere vedlikehaldsprosedyrar etter ein omfattande risikovurdering av utstyrsdatabasen, dette arbeidet er planlagt ferdig i løpet av 1. kvartal 2020. MTA vil i 2020 være pådrivar til å vidareutvikle innovative løysingar som 3D-skriving av anatomiske deler til medisinsk nytte, som kan brukast som ledd i preoperativ planlegging.

Avdelinga har fått ei særskild viktig rolle inn mot anskaffingsprosessane av medisin teknisk utstyr (MTU), vi er blitt brukaravdelingane sin «forlenga» hand i desse prosessane. I 2019 gjennomførte alle tilsette kurs i anskaffingsprosessar i samarbeid med sjukehusinnkjøp.

Vi skal arbeide vidare med datafangst frå medisinteknisk utstyr til «Kurve- og legemiddellogistikk» systemet (KULE), dette prosjektet er under stadig utvikling der vi er ein viktig samarbeidspart.

MTA-miljøet i Helse Vest har eit godt og konstruktivt samarbeid, der vi utarbeidar felles malar og prosedyrar knytt til innkjøp, drift og vedlikehald, av utstyr og system.

MTA i Helse Førde har fått ei stor rolle i den regionale utrullinga av FDV-systemet Medusa. Helse Førde er pilot i Helse Vest, og innførte systemet alt i 2016. Integrasjonen inn mot det nye innkjøps- og

logistikksystemet (SAP) vil vere ein viktig faktor, sidan dette vil legge føringar for korleis vår arbeidsmetodikk i Medusa vil bli i framtida.

MTA vil bidra med vår spisskompetanse i detaljplanlegginga av prosjekt Nye Førde sjukehus framover.

MTA har i fleire år hatt eit lågt sjukefråvær og eit godt arbeidsmiljø, i handlingsplanen har vi stort fokus på å bevare dette.

4 Bemanningsplan 2020

Endring i netto månadsverk

| Netto månadsverk | Snitt 2018 | Budsjett 2019 | Snitt* 2019 | Budsjett 2020 | Endring B20-Snitt 2019 | Merknad |
|------------------------|--------------|---------------|--------------|---------------|------------------------|----------------------------------------------------------------|
| Drift og eigedom | 171,5 | 171,4 | 174,6 | 174,4 | -0,2 | Husøkonom ISP - reinhaldar |
| Fag og utvikling | 53,5 | 56,8 | 55,8 | 56,9 | 1,1 | Koordinatør legemiddelstudiar 0,6 Trainee framtidsfylke 0,5 |
| HR-avdeling | 57,8 | 59,4 | 58,6 | 58,6 | | |
| Støtte | 35,8 | 34,9 | 36,8 | 36,8 | | |
| Økonomiavdeling | 20,3 | 21,4 | 22,1 | 22,6 | 0,5 | Libra - økonomisystem - prosjekt |
| Sum stabsområde | 339,0 | 343,9 | 347,8 | 349,2 | 1,4 | |

* Snitt er virkelig tal pr november pluss forventa desember 2019.

5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunktta i samband med budsjettprosessen i stabsområde.

| Datoar for budsjettarbeid 2020 i stabsområde | | |
|----------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Dato | Deltakarar | Tema |
| 22.08.2019 | Avdelingsleiarar | Utsending av rammmer for budsjett 2020 |
| 23.08.2019 | Tillitsvalde og verneombod | Utsending av rammmer for budsjett 2020 |
| 19.09.2019 | Seksjonsmøte Kvalitet og pasienttryggleik | gjennomgang budsjetttramme og prosess. Vara vo tilstades. Eige referat frå møte |
| 25.09.2019 | Seksjon for kliniske fagsystem inkl. VO | HP og budsjett |
| 03.10.2019 | Kvartalsssamling HR med alle medarbeidere og vo. | Gjennomgang av budsjetttrammer og prosess. |
| 07.10.2019 | Seksjonsmøte kompetanse og utdanning: Medarbeidere, leder, tillitsvalgt og vernetjenesten | Informasjon om budsjett, rammer og prosess |
| 15.10.2019 | Budsjett 2020 informert om / dialog med tv/vo i møte | Gjennomgang av budsjetttrammer og prosess. |
| 18.10.2019 | Avdelingsmøte Pasientreiser med vo | Gjennomgang av budsjetttrammer og prosess |
| 18.10.2019 | Budsjettmøte Teknisk drift med TV og VO. | Budsjett 2020 drøfta med tillitsvalde og VO. Kommenterar er lagt inn i fereretet. |
| 22.10.2019 | Budsjettmøte Matforsyning med TV og VO | Budsjett 2020 informert og drøfta med TV og VO. Kommentarer er lagt inn i eige referat frå møte |
| 23.10.2019 | Seksjon for kliniske fagsystem inkl. VO og TV | HP og budsjett |
| 25.10.2019 | Budsjettmøte HR og Pasientreiser med tv og vo. | Gjennomgang av utkast til budsjett som oversendes til Økonomi. Ingen spesielle kommentarer fra tv og vo - utkast ok. |
| 30.10.2019 | Seksjon kompetanse og utdanning: Leder og rådgiver | Drøfting av budsjett |
| 30.10.2019 | Seksjon kompetanse og utdanning: Leder og utviklingsdirektør | Budsjettgjennomgang |
| 31.10.2019 | Seksjonsmøte Kvalitet og pasienttryggleik - gjennomgang budsjett | VO og tv invitert |
| 01.11.2019 | Økonomiavdelinga: Tlf Øystein Helleseeth og Randi Aven | Kort orientering om budsjett til økonomiavdeling og prosessen vidare. Avtalt å sende på mail slik at Randi kan formidle det vidare til aktuelle TV og VO. |
| 04.11.2019 | Budsjettmøte MTA med TV og VO | Budsjett 2020 er drøfta med TV og VO. |
| 06.11.2019 | Budsjettmøte FAU med TV og V= | Budsjett 2020 er drøfta med TV og VO. |
| 06.11.2019 | Øystein Helleseeth sendte mail sendt til Randi Aven ref pkt med | Dersom ynskjeleg eller behov tar vi møte. |
| 06.11.2019 | Seksjonsleder kompetanse og utdanning m andre ledere FAU, tillitsvalgte og vernetjenesten | Budsjettgjennomgang |
| 11.11.2019 | Budsjettmøte Drift og eigedom v/direktør HRM med TV og VO | Budsjett 2020 for alle avdelingar i Drift og |
| 18.11.2019 | KAMU, leiing, tillitsvalde og hovedvernombod | Informasjon om budsjett |
| 02.12.2019 | Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod | Informasjon om budsjett |
| 02.12.2019 | Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod | Drøfting av budsjett |

----- O -----